

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
023/2017	Radøy eldreråd	PS	04.12.2017
022/2017	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	04.12.2017
005/2018	Radøy eldreråd	PS	15.02.2018
005/2018	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	15.02.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Anne Dahle Austrheim	17/2109	17/14699

Retningsliner for prioritering ved utleige av Radøyhallen

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Radøyhallen er eit kommunalt idrettsanlegg som består av idrettshall («handballstorleik»), 25-meters basseng, terapibasseng og skytebane. I tilknytning idrettshallen ligg også ungdomens hus med kjøkken og sosialt rom.

Desse retningslinene gjeld ikkje skytebana, som vert disponert av Radøy skyttarlag, og ungdomens hus, som vert disponert av Radøy ungdomsklubb.

Det er mange leigetakarar i Radøyhallen, og det er trong for gode retningsliner for prioritering ved utleige slik at tildeling av leigetid skal vere lettare å administrere, og gje gode, føreseielege rammer for leigetakarane.

Vurdering

I folkehelseperspektiv er Radøyhallen ein viktig arena og det er trong for å ha gode retningsliner for korleis ein administrerar tildeling av tid i hallen. Det er lagt opp til eit sett reglar for prioritering av fordeling av tid i idrettshall og 25-meters basseng og eit sett reglar for prioritering av tid i terapibasseng.

Fordeling av tid i idrettshallen og 25-meters bassenget skal prioriterast i følgjande rekkjefølgje:

1. *Idrettslege aktivitetar for born og unge i regi av Radøy kommune eller lag og organisasjonar i kommunen.*
2. *Idrettslege aktivitetar for vaksne i regi av Radøy kommune eller lag og organisasjonar i kommunen.*
3. *Aktivitetar i regi av andre aktørar som held til i Radøy kommune.*
4. *Aktivitetar i regi av andre aktørar som held til i Radøy kommune.*
5. *Aktivitetar i regi av aktørar utanfor Radøy kommune.*

Fordeling av tid i terapibassenget skal prioriterast i følgjande rekkjefølgje:

1. *Aktivitetar for menneske med nedsett funksjonsevne i regi av Radøy kommune*
2. *Aktivitetar for menneske med nedsett funksjonsevne i regi av lag og organisasjonar i*

kommunen.

3. *Aktivitatar for menneske med nedsett funksjonsevne i regi av private aktørar i kommunen.*
4. *Aktivitatar for andre brukargrupper i kommunen*
5. *Aktørar utanfor kommunen*

Retningslinene seier og noko om korleis fordeling av faste leigetider og leige til enkeltarrangement skal gå føre seg. Det er og tatt med kva forventningar Radøy kommune har til leigetakarar.

Konklusjon

Rådmannen legg retningsliner for prioritering ved utleige av Radøyhallen fram til drøfting i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Eldrerådet.

Vedtak:

Radøy eldreråd - 023/2017

ELD - handsaming:

Saka vart ikkje drøfta, og vart utsett til neste møte.

ELD - vedtak:

Saka er utsett til neste møte.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 022/2017

RMNF - handsaming:

Saka vart ikkje drøfta, og vart utsett til neste møte.

RMNF - vedtak:

Saka er utsett til neste møte.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 005/2018

RMNF - handsaming:

Rådet slutta seg til prinsippa i administrasjonen sitt framlegg.
Rådet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

RMNF - vedtak:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne slutta seg til prinsippa i administrasjonen sitt framlegg.

Radøy eldreråd - 005/2018

ELD - handsaming:

Eldrerådet slutta seg til prinsippa i administrasjonen sitt framlegg.

ELD - vedtak:

Eldrerådet sluttar seg til prinsippa i administrasjonen sitt framlegg.

Vedlegg:

Retningsliner for prioritering ved utleige av Radøyhallen (3)